



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Kviknes Hotel, Balestrand

Møtedato: 05.12.2014

Tid: 09:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 12.9.2014
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1200 Lunsj
- 1245 Karrieremesser og profileringskanalen Framtidsfylket.no
Dagleg leiar Gro Rukan, Framtidsfylket
- 1310 Visit Sognefjord - status og planar
- arbeidsdelinga mellom Visit Sognefjord og næringa/kommunane
- gjensidige forventningar mellom Visit Sognefjord og kommunane
- organiseringa av turistinformasjonane
- marknadsbidraga frå kommunane
- vinterturisme
Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS
- 1400 Sogndal Lufthamn Haukåsen - utviklingsplanar og profilering av kommunane
Lufthamnsjef Svein Sanden, Avinor
- 1430 Møtet slutt

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
24/14	14/2040-8 Kommunereforma - felles utgreiing
28/14	14/3164-3 Nasjonal transportplan 2018 - 2027 - lufthamnstruktur
29/14	14/3651-2 Høyring - Akuttutvalgets delrapport
25/14	14/2861-2 Karrieremesser 2015 - søknad om støtte frå Framtidsfylket
30/14	14/3752-1 Tiltaksplan for Sogn regionråd 2015
1/14	14/3757-1 Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd
31/14	14/3758-1 Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2015
32/14	14/2856-4 Budsjett 2015 Sogn regionråd
26/14	14/3360-1 Møteplan for 2015
27/14	14/746-9 Orienteringssaker

Sogndal, 24.11.2014

Harald Offerdal
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/2040

Arkiv: 030 &23

Saksnr.: Utval
24/14 Sogn regionråd

Møtedato
05.12.2014

Sak 24/14

Kommunereforma - felles utgreiing

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek mandat for felles utgreiing om kommunereforma slik den ligg føre.

Vedlegg:

Mandat for felles utgreiing om kommunereforma
Vedtaka i kommunane

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regjeringa har i kommuneproposisjonen 2015 presentert innhaldet i kommunereforma med framdriftsplan, mål og økonomiske virkemiddel. Forslaget fekk fleirtal i Stortinget 18. juni 2014 (Innst. 300 S 2013-2014). Departementet har som utgangspunkt at kommunane vil ha behov for om lag eit år på å drøfta utfordrings- og moglegheitsbilete før det vert fatta vedtak. Det er lagt opp til at dei regionale prosessane startar hausten 2014 og blir avslutta ved utgangen av 2016. Stortinget har slutta seg til tidsplanen som inneber at kommunane skal gjera vedtak innan hausten 2015 eller våren 2016.

Desember 2014 kjem sluttrapporten frå ekspertutvalet om kriterie kommunane bør oppfylle for å ivareta moglege nye oppgåver. Våren 2015 planlegg regjeringa å leggja fram ei stortingsmelding med forslag til nye oppgåver som kommunane skal få ansvar for. Det kjem ein samla lovproposisjon om nye oppgåver våren 2017, samtidig med proposisjon om ny kommunestruktur. Når Stortinget har handsama denne stortingsmeldinga veit vi korleis kommunegrensene blir og kva nye oppgåver dei nye kommunane skal få.

Regjeringa innfører fleire økonomiske virkemiddel til dei kommunane som slår seg saman. Det blir gitt eingongskompensasjon på 20 til 65 mill. kroner gjennom dekking av utgifter til sjølve samanslåinga og ei reformstøtte på kr 5 til 30 mill. kroner. I tillegg blir reduksjon av regionalpolitiske tilskot og basistilskot frå «gamal» kommune lagt inn i rammetilskotet til «ny» kommune. Dette inndelingstilskotet får den nye kommunen behalde i 15 år, før tilskotet blir trappa ned over fem år.

Det er etablert eit felles forum for kommunereforma i Sogn og Fjordane samansett av representantar frå regionråda (leiarane), Fylkesmannen, KS – Sogn og Fjordane, Distriktssenteret og fylkeskommunen. Mandatet er informasjons- og kunnskapsdeling med faglege råd og støtte til kommunane og regionane om kommunereforma.

Fylkesmannen har fått ansvaret for å tilretteleggja, koordinera og rettleia for regionale og lokale prosessar. I departementet sitt oppdragsbrev til fylkesmennene heiter det m.a.:

«Departementet vil peke på at flertallet i kommunal- og forvaltningskomiteen understreker at ”*det er viktig at alle kommunar gjennomfører lokale prosessar knytt til kommunereforma og melder tilbake innan fristen*”. Videre understreker flertallet at ”*Fylkesmennene må fylgje opp dei kommunane som ikkje på eige initiativ tar nødvendig lokal leiarskap*”.»

Eit fleirtal i kommunal- og forvaltningskomiteen understreka ”*at det er eit utredningsansvar for alle kommunar*”.

Fylkesmannen og KS har laga ein prosjektplan som viser kva rammer reforma skal følgje. Til hjelp for kommunane sitt arbeid har departementet laga verktøy, standardiserte faktaoppsett og rettleiar for utgreiing og prosess.

Vurdering:

Føremålet med felles utgreiing er å gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn.

Aktuelle tema i ei felles utgreiing er å få eit utfordringsbilete for kommunane i Sogn og for regionen. Kva er den økonomiske situasjonen i kvar kommune (inntektsnivå, gjeldsnivå, reserver mv), status for tenesteytinga i kommunane og kva område framstår som felles bu- og arbeidsområde. I ei utgreiing vil tema knytta til verknadane av ei reform vera relevant å få belyst: Kva vil verknadane av å endra kommunegrensene vera på tenestetilbodet, kva oppgåver kan kommunane overta frå fylkeskommune og stat, kommunen som utviklingsaktør, kommuneøkonomien, lokaldemokratiet, kommunen som arbeidsplass (rekruttering, kompetanse, fagmiljø), busetnad og sysselsetjing.

Det er ikkje mogleg å utgreia seg fram til «rett» svar på kommunereforma. Det er heller ikkje lagt opp til omfattande utgreiingar slik det tidlegare er gjort. Men det vil vera behov for eit kunnskapsgrunnlag både for å sjå utfordringsbilete og kunne vurdera ulike alternativ for samanslåing og sjå konsekvensar/moglegheiter av dette. Ei felles utgreiing i regi av regionrådet vil vera eit supplement til kommunane sine prosessar. Kommunane må leggja til rette for å skapa lokalt eigarskap og må etablera ei hensiktsmessig organisering. Fylkesmannen understrekar at kommunane må ha god dialog med innbyggjarane, organisasjonar, næringsliv, medarbeidarar og tillitsvalde. Det vert også presisert at kommunane bør avgrensa å utgreia dei mest realistiske alternativa.

Kommunereforma vart drøfta på ordførarmøte og regionrådsmøte i september. Frå møte i Sogn regionråd 12.9. - orienteringssak: "Felles utgreiing i regi av regionrådet er eit aktuelt alternativ som kvar kommune handsamar politisk innan 30. oktober. Regionrådet skal ikkje koma med alternative løysingar. Rådet ber om at administrasjonen saman med rådmannsgruppa innan 3. oktober kjem med framlegg til kva som bør greiast ut for å gje kommunane nødvendig grunnlagsmateriale for vidare arbeid i høve kommunereforma."

Rådmannsgruppa diskuterte det vidare arbeidet i møtet 26.9. Kommunane skal gjera retningsval innan 31.1.2015 og dette inneber at kommunane må gå i gang med realistiske alternativ om kort tid. Rådmannsgruppa si vurdering er at felles utgreiing derfor bør gje nødvendig faktagrunnlag og peika på moglege kommunesamanslåingar i Sogn. Utgreiinga skal gje kommunane eit grunnlag til å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn. Mandatet for felles utgreiing om kommunereforma følgjer vedlagt.

Kommunane har handsama sak om kommunereforma og har teke stilling til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd. Vedtaka følgjer vedlagt.

Vedlegg



Sogn regionråd

Mandat

Føremål

Kommunane i Sogn regionråd gjennomfører ei felles utgreiing om kommunereforma. Utgreiinga skal gje naudsynt faktagrunnlag og peika på moglege kommunesamanslåingar i Sogn. Kommunar som vil vurdere kommunesamanslåingar som går ut over kommunane i Sogn og kommunar som vil utgreie ut verknader av ikkje å slå seg saman med andre kommunar, gjennomfører dette i egne prosessar. Utgreiinga skal gje kommunane i Sogn eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn.

Kva skal utgreiast

- Lage utfordringsbilete for kommunane i Sogn og for regionen, befolkningsutvikling, behov for arbeidskraft, næringsutvikling, arealbruk og arealbehov
- Kva område framstår som felles bu- og arbeidsområde– pendling
- Kva er den økonomiske situasjonen i kommunane (inntektsnivå, gjeldsnivå, reserver m.v.)
- Kva er status for tenestetytinga i kommunane
- Oversikt over interkommunale samarbeid
- Kva vil verknadene av endring av kommunegrense vera på tenestetilbodet, ei vurdering av kva oppgåver kommunane kan og ønskjer å overta frå fylkeskommune og stat, kommunen som utviklingsaktør (sysselsetting, næringsutvikling, modernisering av offentlig sektor/lokalisering), kommuneøkonomien, lokaldemokratiet, kommunen som arbeidsplass (rekruttering, kompetanse, fagmiljø), busetnad og sysselsetting.

Korleis

Styringsgruppa koordinerer og tek ansvar for felles utgreiing og samansying. Det vert innhenta kompetanse (tenestekjøp ev engasjement) som kan gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa avgjer kven som skal gjennomføre utgreiinga.

Kommunane har ansvar for å levere underlag til felles utgreiing og handsame rapporten frå utgreiinga i eigen kommune.

Felles utgreiing vil vera eit supplement til kommunane sine prosessar. Kommunane må leggja til rette for å skapa lokalt eigarskap. Kvar kommune må ta eit aktivt eigarskap og etablera ein hensiktsmessig organisering. Kvar kommune har ansvar for drøfting blant folkevalde og god dialog med innbyggjarane, organisasjonar, næringsliv, medarbeidarar og tillitsvalde.

Styring

Kommunestyra i kvar kommune eig prosessen.

Sogn regionråd er styringsgruppa og leiar prosessen.

Rådmannsgruppa i Sogn er prosjektgruppe og står for gjennomføringa.


Formannskapa i kommunane og tillitsvalde er referansegruppe.

Økonomi

Prosesen skal ha eige budsjett. Kommunane søker fylkesmannen om støtte til utgreiing og prosessgjennomføring.

Kvar kommune dekker arbeid og kostnader i eigen kommune eventuelt også reise og opphald. Dette gjeld også tilskot og kostnadar til å høyre innbyggjarane.

Framdrift



Innan 15. nov 2014:

Kommunestyra som ikkje allereie har gjort vedtak i saka tek stilling til om dei ønskjer å gå med i ein utgreiingsprosess i samsvar med dette notatet.

Innan 1. mars 2015:

Administrasjonen i Sogn regionråd i samråd med rådmannsgruppa utarbeider søknad om fornyingsmidlar til fylkesmannen.

Innan 1. april 2015:

Inngår kontrakt med konsulentfirma eller avtale om engasjement om felles utgreiing.

Innan 1. november 2015:

Felles formannsskapsmøte som del av utgreiingsarbeidet.

Innan 1. januar 2016:

Utgreiinga er ferdig. Kommunane tek på dette grunnlaget stilling til trong for innbyggjarmedverknad (høyringar, spørjeundersøkingar, folkeavrøystingar m.v.)

Innan 1. juli 2016:


Kommunestyra vedtek kven dei ev. ønskjer å slå seg saman med. Dette er det endelege vedtaket om samanslåing før det blir sendt vidare til departementet.

Vedlegg

Roller og ansvar

Rolle	Organisasjon/Person	Hovudansvarsområde
Oppdragsgjevar	KMD	Premissar
Eigar	Kommunestyra i Sogn	
Deltakarar	Kommunane i Sogn regionråd	Vedtek
Styringsgruppe	Ordførarane i kommunane	Styrer
Prosjektgruppe	Rådmennene i kommunane	Gjennomfører
Prosjektleiar	Innleidd konsulentfirma ev. som engasjement	Greier ut
Referansegruppe	Formannskapa i kommunane, tillitsvalde	Blir høyrte

Nasjonal prosess



Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 14/3164

Arkiv: N00

Saksnr.: Utval
 28/14 Sogn regionråd

Møtedato
 05.12.2014

Sak 28/14

Nasjonal transportplan 2018 - 2027 - lufthamnstruktur

Tilråding:

I samband med Avinor sitt utgreiingsoppdrag om lufthamnstruktur set Sogn regionråd av midlar til ei fagleg utgreiing som støttar opp om behovet for Sogndal lufthamn.

Samferdslegruppa disponerer inntil kr 250 000 av regionale utviklingsmidlar for 2015 til arbeidet.

Vedlegg:

Brev og presentasjon frå Avinor av 18.11.2014

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Avinor gjennomfører eit utgreiingsoppdrag om lufthamnstrukturen. Prosjektet er ein del av arbeidet med Nasjonal Transportplan 2018-2027. Avinor skal innan 10. januar 2015 gje faglege innspel til støtte for Samferdslededepartementet sitt arbeid med anbudsutlysinga av nye FOT-ruter for Sør-Norge frå 1. april 2016.

Avinor presenterte analysegrunnlaget i prosjektet på møtet 3. november. Alternativa som vart presentert i møtet er: 1) Leggja ned Sandane lufthamn, 2) Leggja ned Sandane lufthamn og Førde lufthamn og 3) Leggja ned Sandane lufthamn og Sogndal lufthamn.

Presentasjonen frå møtet vart utsendt 18.11.2014 og i brevet viser Avinor til at eventuelle forslag til strukturendringar vil kome i ei seinare fase. Prosjektet sin strategifase varer fram til 1.2.2015 og planfasen varer til 1.2.2016 som vil munne ut i tilrådingar frå Avinor. Hovudfasene vert skissert slik:

1. mai 2015	Første utkast frå NTP v/Avinor på lufthamnstrukturen
2. september 2015	Høyringsfrist på forslaget
Årsskiftet 2015/2016	Avinors forslag
Februar 2016	Etatane og Avinor sine samla planforslag

Avinor ber om synspunkt på analysegrunnlaget frå møtet. Avinor har sett frist til 19.12.2014. Fylkeskommunen handsamar saka i hovudutval for samferdsle, fylkesutval og fylkesting 8.-9. desember.

Avinor vil vurdere konsekvensar for passasjerane, endringar i "tilskot" til trafikksystemet og samfunnsøkonomisk kost-nytt analyse.

Samferdslegruppa drøfta strategi for vidare arbeid i saka om lufthamnstruktur i møtet 17.11. Det vart halde møte med fleire private og offentleg verksemdar 17.11.2014. Sogn regionråd har bedt om og fått tilbakemelding frå private og offentlege verksemdar om kva Sogndal lufthamn betyr for deira verksemd. Administrasjonen vil laga framlegg til innspel til Avinor med bakgrunn i dei tilbakemeldingane som er komne frå verksemdene.

Vurdering:

Samferdslegruppa ønskjer at det vert arbeidd med eit fagleg underlag som får fram fakta og vurderingar i høve utgreiingsoppdraget som Avinor har i samband med Nasjonal Transportplan. Den faglege utgreiinga frå rådet må få fram kva flyplassen betyr for regionen og kva følgjer ei ev. nedlegging av lufthamna vil ha for næringslivet i regionen. Den faglege utgreiinga bør også vurdere kva potensiale Sogndal lufthamn har. Det bør hentast inn ekstern kompetanse til arbeidet som kan bistå regionrådet før planfasen og i samband med høyringsfristen. Aktuell kostnadsramme kan vera kr 200 000- 250 000 ekskl. mva.

Samferdslegruppa kan få tilført midlane frå regionrådet til dette føremålet, jf retningslinjene for arbeidsgruppene, og vurdere ramma i høve utgreiingsbehov og omfang av arbeidet. Samferdslegruppa vil halde rådet orientert om status i arbeidet. Administrasjonen vurderer at det er tenleg å knyta til seg fagleg og ekstern kompetanse i samband med Avinor sitt prosjekt. Regionale utviklingsmidlar for 2015 kan finansiera arbeidet.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/3651

Arkiv: G01 &13

Saksnr.: Utval
29/14 Sogn regionråd

Møtedato
05.12.2014

Sak 29/14

Høyring - Akuttutvalgets delrapport

Tilråding:

Sogn regionråd sluttar seg til fråsegn til akuttutvalets delrapport slik den ligg føre.

Vedlegg:

Høyring – akuttutvalgets delrapport

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regjeringa oppnemnde i 2013 eit utval som skulle gå gjennom akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus, og kome med framlegg til eit samanhengande system som skal sikre gode og trygge tenester ved akutt skade og sjukdom. Utvalet har frist til desember 2015 med arbeidet. Departementet har likevel bedt om ein delrapport alt no som grunnlag for Stortingsmelding om primærhelsetenesta og for Nasjonal sjukehusplan som regjeringa skal legge fram våren 2015.

Delrapporten er ein viktig del av grunnlaget for dei komande stortingsmeldingane om primærhelsetenesta og nasjonal sjukehusplan, og departementet sender derfor rapporten på eigen høyring. Høyringsfristen er 16.12.2014.

Helse- og omsorgsdepartementet ber særleg om tilbakemelding på dei konkrete tiltaka som utvalet foreslår: Kva effekt kan dei ulike tiltaka forventast å ha? Kva føresetnader trengst for at dei skal kunne gjennomførast? Kva tiltak bør bli gitt høgast prioritet? Er det tiltak som manglar?

I framlegget til fråsegn er det gitt tilbakemelding på kap 6 om utvalets vurderingar og forslag mellom anna om responstider og styrka akuttmedisinske tenester i kommunane. Det er også gitt tilbakemelding til kap 7 om økonomiske-administrative konsekvensar for kommunehelsetenesta.

Framlegg til fråsegn til Helse- og omsorgsdepartementet:

”Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møte 5.12.2014 vedteke følgjande høyringssvar til Akuttutvalgets delrapport av 31. oktober 2014:

Frå kommunane i Indre Sogn er til dels lang reiseveg til eit fullverdig akuttstjukehus. Helseføretaket har sentralisert mykje av spesialisthelsetenesta i tråd med den medisinske utviklinga. For å spare pengar er det også stadig reduksjonar i ambulansetilbodet i distriktet. Med auka reiseveg til stor del av spesialisthelsetenesta vil mange innbyggjarar føle seg meir utrygge.

Det er avgjerande viktig med tryggleik for folk, å raskt å få møte kyndige fagfolk når akutte eller livstruande sjukdom og skade rammer. Våre kommunar opplever nettopp det som er skrive i rapporten at «det prehospitale rom utvides» og at vi ser det viktige i høg akuttmedisinsk kompetanse i kommunane og i ambulansetenesta.

Skal innbyggjarane i distrikts-Noreg oppleve likeverdig behandling i dei definerte pasientløpa t.d. for akutte hjerteinfarkt og hjerneinfarkt må heile den prehospitale akuttmedisinske tenesta ha rett innretning. Den må ha kompetanse, rett samansetjing og ha kort nok responstid.

Til 6.4 Felles planlegging av akuttmedisinske ressursar

Vi støttar utvalet sitt forslag om felles planlegging av akuttmedisinske ressursar mellom kommunar og helseføretak og at dette inngår i samarbeidsavtalane. Våre kommunar vil om kort tid inngå nye samarbeidsavtalar med helseføretaket som tekopp dei problemstillingar som er kommentert i delrapporten.

Til 6.5 Leining

Vi støttar utvalet på å samla dei ulike akuttmedisinske tenestene under felles leining med oppretting av lokale samarbeidsorgan. Rolla til kommuneoverlegen bør styrkast.

Til 6.7 Responstider

Kommunane har lenge etterspurd nasjonale kvalitetsmål for kommunehelsetenesta. Vi støttar utvalet på at slike mål skal setjast for akuttmedisinske tenester. Responstider er ein slik kvalitetsindikator. Akuttutvalget våger etter vårt skjønn ikkje å konkretisera responstid for ambulanse. Dette er uheldig og føyer seg inne i rekka av tidlegare utval som over meir enn 15 år ikkje har vågd å talfesta responstid. I ein likeverdig nasjonal helseteneste bør også dei som bur i ein distriktskommune ha ei normert responstid på ambulanse. Krav til responstid vil gje opplevd tryggleik for innbyggjarane. Samstundes opplever vi at unge legar føler seg utrygge i distrikt som har lang veg til næraste ambulansestasjon. Dette gjer det utfordrande å rekruttera nye legar.

Vi ber om at Akuttutvalget tek inn krav til responstid for ambulanse.

Til 6.10 Styrka akuttmedisinske tenester i kommunane

Vi støttar utvalet sitt forslag om at kommunane bør utarbeide plan for ø-hjelptilbodet i sin kommune. Det bør også etablerast tverrfaglege akuttmedisinske team i dei kommunane som ikkje har dette.

Vi støttar ønskje om nasjonale krav for å styrkje og dimensjonera legevakttenesta. I arbeidet med å utforma retningslinjene vil vi understreka behovet for å kunne gjera lokale tilpassingar og at det kan tilretteleggjast for å finna lokale løysingar. Me er samd i tanken om at også legane har fast løn når dei er på legevakt. Dette vil utjamne lønsforskjellane mellom vaktistrikta og vil kunne bidra til rettare prioritering.

Ved akutte tilstander er det viktig at pasienten blir møtt med fagkompetanse og vi støtter målsetjinga om 75% deltaking frå lege ved utrykking på raud respons. Auka omfang av sjukebesøk frå legevakt med eit omfang på 20-40/1000 kan vere krevjande, men kan vere rett ut frå at mange eldre på sjukeheim og omsorgssentra ofte kan få unødvendig krevjande transport til legevakta.

At legevaktlegene har kompetanse i akuttpsykiatri og rus er sjølv sagt. Her bør spesialisthelsetenesta ha klare føringar på å gje nødvendig kompetanseoverføring. Dei bør ha halvårlege akuttmedisinske kurs for alle nyutdanna legar og dei som treng det for spesialiteten i allmenntmedisin.

Det er prisverdig at Akuttutvalget stiller krav til normering av reisetid til for innbyggjarane til legevakta. Det er viktig at kravet gjeld innan legevaktdistriktet. Maksimalt 40 minuttar reisetid for 90% av befolkninga og 60 minuttar reisetid for 95% vil bidra til auka tryggleik for mange. I delar av distriktsnorge vil det imidlertid bli krevjande å kombinere responstid, med kravet til kvalitet og tilgjengelege ressursar både menneskelege og økonomiske. Det er rett å overføra transport av pasientar som ikkje treng akuttmedisinsk kompetanse til «kvite bilar». Denne type transport bør vere organisert hos helseføretaket.

Til 7 Økonomisk-administrative konsekvensar

Dei stipulerte kostnadane er høge. Mange av kommunane i distrikts-Noreg har i dag heimebuande lege på vakt. Fagleg styrking av legevakta kan vere rett, men mange kommunar vil få svært stor kostnadsauke i drift av legevakt. Ein går da ut frå gjennomsnittleg kostnad på kr 3,5 mill. pr år og at ein interkommunal legevakt vil koste mellom kr 5 og 9 mill. pr år. Dersom det blir kravd bakvakt på ikkje vaktkompetente legar (turnuslegar og legar som har arbeidd under 1 år i kommunen) vil kostnadane auke ytterlegare. Det er viktig at Akuttutvalget går grundig gjennom kostnadsauken til kommunane og realismen i å etablere kompetanse og ressursar til eit tilbod med responstider som skissert. Anslaget på auke til 250-350 millionar år synest alt for lågt.”

Sogn regionråd

 Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 14/2861

Arkiv: 223

Saksnr.: Utval
 25/14 Sogn regionråd

Møtedato
 05.12.2014
Sak 25/14

Karrieremesser 2015 - søknad om støtte frå Framtidsfylket

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Trondheim, Oslo og Bergen i 2015.

Vedlegg:

Søknad frå Framtidsfylket, 27. august 2014
 Rapport - evaluering av karrieremessene 2014

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Framtidsfylket jobbar med å profilera Sogn og Fjordane og visa at regionen er attraktiv å bu og arbeida i. Framtidsfylket vart stifta som eit selskap av bedrifter i 2008 og er eigd av 25 verksemder (private og offentlege). Framtidsfylket arrangerar dei årlege karrieremessene i dei tre byane og i Sogndal. Framtidsfylket har også ansvar for den regionale traineeordninga og nettportalen www.framtidsfylket.no formidlar karrieremoglegheitene i fylket.

Framtidsfylket søker om midlar til å gjennomføra neste års karrieremesser i Trondheim, Oslo og Bergen. Messene blir 29. januar, 5. februar og 26. februar 2015. Formålet med messene er å gje næringsverksemder og offentlege verksemder tilbod om ei samla profilering for å rekruttera unge til jobbar i Sogn og Fjordane.

Budsjettramma er kr 1 815 000. Verksemdene dekkjer sjølve størstedelen av kostnadane (kr 1 375 000), i tillegg bidreg fylkeskommunen (kr 200 000) og regionane med midlar (kr 60 000x4 regionråd). Budsjettet ligg ved søknaden. Vi løyvde i fjor kr 60 000 til messene i Bergen og Trondheim.

Vurdering:

Karrieremessene er ein del av den etablerte satsinga på rekruttering til Sogn og Fjordane, og gir oss høve til å profilera regionen og breidden i arbeidsmarknaden. Messene får fram dei spennande jobbane som mange ikkje er klar over finst i vår region. Evalueringane viser at messene er ein viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv. Dette er haldningsskapande arbeid som krev kontinuitet, profesjonalitet og tolmod. Framtidsfylket gjer ein god jobb med karrieremessene og utviklar og forbetrar messene på bakgrunn av evalueringar og tilbakemeldingar.

Rekruttering er eit av delmåla i regionalplanen for Sogn regionråd. Støtta frå regionråda utgjer liten del av den totale finansiering, men Framtidsfylket viser til at støtta likevel er viktig for at messene vert gjennomført på ein god måte. Administrasjonen tilrår at det vert løyvd kr 60 000 til Framtidsfylket i 2015.

Regionrådet har stått for å koordinera deltakinga på messene og har finansiert standen som regionråds kommunane deltek på. Standavgifta er totalt kr 38 000 for messene i Trondheim, Oslo og Bergen og kr 6 500 for messa i Sogndal 14. januar. I budsjetttramma for 2015 er det også sett av midlar til ev. nye brosjyrer/materiell til regionstanden.

Framtidsfylket AS
v/ Gro Rukan
Pb 600
6804 FØRDE



Regionråda i Sogn og Fjordane
HAFS v/ Per Arne Tveit
Sogn v/ Karina Nerland
Nordfjord v/ Sigmund Vereide
Sunnfjord v/ Trond Ueland

Førde, 27. august 2014

Søknad om støtte til Framtidsfylket karrieremesser 2015

Framtidsfylket skal arrangere karrieremesser for Sogn og Fjordane i byane Sogndal, Oslo, Trondheim og Bergen i 2015. Denne søknaden omfattar ikkje Sogndal. Messa i Sogndal arrangerer vi i lag med Høgskulen i Sogn og Fjordane, og det vil komme ein separat søknad på denne.

Bakgrunnsinfo

Sogn og Fjordane har sidan 2007 organisert egne fylkesdekkjande næringslivsmesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Responsen har vore bra og evalueringane tyder på at messene er innarbeid som ein viktig møteplass for studentar, nyutdanna og næringslivet vårt. Dei fire regionråda i Sogn og Fjordane har i alle desse åra vore ein viktig støttespelar, og Framtidsfylket er særst takksam for både økonomisk støtte og engasjement. Begge deler er, og har vore, heilt naudsynt for suksess.

I 2014 opplevde vi ein oppsving med publikumsrekord både i Trondheim og Bergen. Størst er messa i Bergen, med heile 60 stands og 600 gjestar. Fleire verksemdar rapporterer om tilsetningar som følgje av kontakt etablert på messene, og samstundes fortel evalueringa at gjestane har fått auka kunnskap om mangfaldet i jobbmarknaden. Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidreg positivt til profilering av fylket vårt er det ikkje tvil om.

Marknadsføring

Vi har stort fokus på å nå fram til målgruppa. Evalueringa vår tyder på at sjølv om vi kjøper mykje annonseringstenester, så er det sosiale medier og «jungeltelegrafan» som har aller størst verknad når vi inviterer til messer. Vi kjem til å ha auka fokus på korleis vi best mogleg nyttar desse media, samstundes som vi må kjøpe ein god del annonsering internt i eige fylket og i dei rette studentkanalane. Framtidsfylket sin eigen nettportal er under fornying, og vi har tru på at den nye og meir brukarvenlege portalen, som lanserast ca i november 2014, vil bidra til meir merksemd kring messene i 2015.

Mobilisering internt i heile fylket er viktig for resultatet. Ei brei forståing hos verksemdene i Sogn og Fjordane om at dette er «deira eige arrangement» som dei ønskjer å framsnakke/spreie budskapen om, har stor marknadsvardi. Dette er eit viktig dugnadsprosjekt for framtida til fylket vårt.

Arrangementa

Nytt av året er at messa i Bergen i 2015 vil gå over 2. etasjar i Grieghallen. I fjor sprengde vi kapasiteten på eitt plan, og vi håper ei slik utviding kan vere positivt for arrangementet i Bergen. Vi har målsetnad om å sjå minimum 70 stk standhaldarar i Grieghallen i 2015.

Alle detaljane er ikkje på plass pr juni 2014. I grove trekk føl vi same mal som tidlegare kor vi vektlegg kvalitet mhp innhald og stad. Det vert lagt opp til ein felles plenumssamling, og ei invitasjon til ein sosial møteplass i etterkant av alle messene.

Datoane og lokalval i 2015

Sogndal -	Høgskulebygget -	14. januar,
Trondheim -	Rica Nidelven -	29. januar,
Oslo -	Månefisken -	5. februar,
Bergen -	Griegghallen -	26. februar,

Samarbeidspartnarar

Framtidsfylket AS er prosjektleiar og ansvarleg for både økonomi og gjennomføring. Vi har det administrative arbeidet for å planlegge dette, men vi ønskjer å jobbe tett saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane, utviklingselskap og regionråd.

Midlar

For å kunne realisere desse profileringsmessene vil det vere naudsynt å lage til eit spleiselag slik som tidlegare år. Den totale budsjetttramma for Trondheim, Oslo og Bergen i 2015 er på ca. 1.815.000 kroner. Storparten av finansieringa for dette kjem frå standhaldarar gjennom deira betaling av standavgift. I tillegg søkjer prosjektet midlar frå alle 4 regionar i tillegg til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Framtidsfylket meiner det er viktig å oppretthalde innsatsen på desse karrieremessene. Dei er viktige for næringslivet og kommunane i Sogn og Fjordane, særleg med tanke på framtidige utfordringar i forhold til rekruttering.

Framtidsfylket søkjer difor kvar region i Sogn og Fjordane om kr 60.000,- i støtte til gjennomføring av karrieremesser i Oslo, Trondheim, og Bergen.

Med venleg helsing,

Gro Rukan
Dagleg leiar

Vedlegg: Budsjett søknad karrieremesser 2015



Budsjett for karrieremesser 2015

pr 27. juni 2014

basis for søknad til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og regionane



Innhold hovedkategorier		budsjett		mer detaljert kjøp
Trondheim 29. januar*		287 000		lokalleie + arrangement
Oslo 5. februar**		200 000		lokalleie + arrangement
Bergen 26. februar***		503 000		lokalleie + arrangement
Marknadsføring		300 000		annonsering, profileringsmateriell, m.m
Administrative utgifter		525 000		løn, innleigd hjelp, reise tlf, osv
sum total		1 815 000		
Finansiering				
eigendel for bedriftene/stands		1 375 000		
Sunnfjord		60 000		
Nordfjord		60 000		
HAFS		60 000		
Sogn		60 000		
Sogn og Fjordane Fylkeskommune		200 000		
sum total		1 815 000		

Framtidsfylket er momsregistrert for messene, budsjettet er uten moms

* budsjettert med 25 standar/300 deltakrar

** budsjettert med 25 standar/250 deltakrar

*** budsjettert med 70 standar/500 deltakrar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 14/3752

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
 30/14 Sogn regionråd

Møtedato
 05.12.2014

Sak 30/14

Tiltaksplan for Sogn regionråd 2015

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek tiltaksplan for 2015 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til tiltaksplan for 2015

Saksutgreiing:

Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i rådet sitt arbeid med å utvikla regionen.

Sogn regionråd hadde ein omfattande prosess og brei deltaking frå kommunane (formannskap, rådmenn, næringsansvarlege) og eksterne aktørar i arbeidet med regionalplanen. Det var felles arbeidsmøte og oppfølgande møte i fleire arbeidsgrupper. Den regionale analysen for Sogn frå Telemarksforsking (2012) vart brukt i planarbeidet.

Sogn regionråd vedtok regionalplan for 2013-2016 i møtet 24. april 2013. Regionalplanen med mål og strategiar (strategidelen) var våren 2013 på høyring i kommunane og eksterne aktørar. Hovudmålet for Sogn regionråd sitt arbeid er auka folketal og styrka næringsutvikling. Planen består av ein strategisk del og ein tiltaksdel. Det er tre satsingsområde i regionalplanen: næringsutvikling, samferdsle og helse. For å sjå samanhangen mellom tiltaka og mål og strategiar er mål og strategiar også teke med i tiltaksplanen.

Vi har eit høgt ambisjons- og gjennomføringsnivå i Sogn regionråd. Rådet vil vera synleg som utviklingsaktør og vera pådrivar i regionale saker. Vi vidarefører pågåande tiltak/aktivitetar som mellom anna

- arbeida for betra samferdsletilbodet (ferjesamband Hella-Vangsnes-Dragsvik, vegutbetringar, flyruter/nattstasjonert fly)
- gjennomføra tiltak i regi av det regionale skuleutviklingsprogrammet «System for styrka læring» t.d. entreprenørskapmessa for ungdomsskuleelevane som neste år blir i Årdal
- koordinera deltaking frå kommunane på karrieremesser i Bergen, Trondheim og Oslo som Framtidsfylket arrangerer (og messa i Sogndal) og profilera regionen ved bruk av framtidsfylket.no
- bygga nettverk og samhandlingsarenaer

- skapa oppslutnad om felles regionale utviklingsprosessar og fremja samarbeid på tvers av kommunegrensar.

Næringsnettverket følgjer opp med temamøte for bedriftsskaparar og samling for gründerar om finansieringskjelder for bedriftsetableringar.

Nye tiltak er mellom anna å bidra til auka tal lærlingeplassar i verksemdene, følgja opp bustadanalysen, felles utgreiing om kommunereforma og gje innspel i prosessen som no er starta om lufthamnstruktur.

Samferdslegruppa diskuterte aktuelle tiltak innan samferdsle i møtet 17.11. Tiltaksplanen vart utsendt til arbeidsgruppene næringsutviklings-/RUP og helsegruppe for ev. innspel innan 21.11.

Det er komne inn innspel om to endringar: Under Samferdsle er det innspel om endra frå ”vegsamband Trondheim-Bergen via Sogn” til ”Sognefjellstunellane med vegtrase Stavanger, Bergen – Trondheim gjennom Årdal og Luster”, og under Helse er det innspel om å føya til ”i Lærdal” under Sogn lokalmedisinske senter. Endringane er tekne inn i framlegget.

Etter handsaminga i regionrådet bør tiltaksplanen leggjast fram som orienteringssak for kommunestyra/formannskapa slik at politikarane blir gjort kjende med planen.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/3757

Arkiv: 026 &01

Saksnr.: Utval
1/14 Sogn regionråd

Møtedato
05.12.2014

Sak 1/14

Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2015 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd for 2015.

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har dei siste åra inngått samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt.

Hovudutval for plan og næring løyver årleg midlar til regionråda. Løyvinga er på kr 550 000 til kvart regionråd. Sogn regionråd har etter søknad fått auka tilskot med kr 200 000 for 2013 og ventar på tilbakemelding for 2014.

Fylkeskommunen ønskjer at avtalane skal vera eit verktøy for å styra dei regionale utviklingsmidlane inn mot å nå prioriterte mål for fylket. Samstundes ønskjer dei at kommunane får større styring med regionale utviklingsmidlar.

Vurdering:

Våre tre satsingsområde i regionalplanen er næringsutvikling, samferdsle og helse. Etter administrasjonen si vurdering samanfallar regionrådet sine strategiar og tiltak med fylkeskommunen sine prioriteringar for regional utvikling. Samarbeidsavtale peikar ut satsingsområde og tiltak som partane forpliktar seg til å gjennomføra og finansiera i løpet av 2015.

Forslag til samarbeidsavtale er sendt til fylkeskommunen ved plan og samfunnsavdelinga. Ev innspel frå fylkeskommunen vil bli lagt fram for regionrådet i møtet.



Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd

Gjennomføring av regionalt utviklingsprogram for 2015

1. Mål

Denne avtalen regulerer samarbeidet mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd på vegne av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Avtalen samordnar planlegging, strategiar, tiltak og gjennomføring av eit regionalt utviklingsprogram for perioden 2015.

Innanfor ramma til Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2013-2017 og regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016, skal samarbeidsavtalen peike ut satsingsområde og tiltak i regionen.

Kommunane har gjennom regionalplanen for Sogn regionråd definert satsingsområde, mål og strategiar som skal vere grunnlaget for samarbeid i regionen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd forpliktar seg til å samarbeide om gjennomføring og finansiering av konkrete program og tiltak slik det går fram av denne avtalen.

2. Prosess

Sogn regionråd har vedteke strategiplan for perioden 2013 – 2016 (del 1) og tiltaksplan for 2015 (del 2).

Kommunane i Sogn regionråd har felles mål og strategiar for det regionale utviklingsarbeid. Sogn regionråd vil arbeida vidare med utvikling av partnarskap for regional utvikling i samsvar med dei tre satsingsområda i regionalplanen for 2013-2016: 1) næringsutvikling, 2) samferdsle og 3) helse.

Begge partar kan ta initiativ til å etablere nye prosjekt og definere nye felles satsingsområde.

3. Innhald i avtalen for 2015

Hovudmåla for Sogn regionråd er auka folketal og styrka næringsutvikling for regionen. Sogn regionråd sine felles mål, strategiar og tiltak skal vera grunnlaget for samarbeidet om ei god nærings- og samfunnsutvikling i regionen.

Strategiar og prioriterte tiltak vil bli gjennomført i samsvar med Sogn regionråd sin tiltaksplan for 2015, jf vedlegg, og vert oppsummert slik:

- Byggja nettverk og samhandlingsarenaer, styrka samarbeid med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar
- Skapa oppslutnad om felles regionale utviklingsprosessar og fremja samarbeid på tvers av kommunegrensar
- Forum for nye og etablerte bedriftsskaparar
- Invitera aktørar til å orientera om aktuelle private og offentlege finanseringskjelder for bedriftsetableringar

- Vidareutvikla det regionale barnehage- og skulesamarbeidet: vidare satsing på entreprenørskap i skulen med entreprenørskapsmesser og kompetanseheving for lærarar
- Styrka tilbodet for lærlingeplassar i kommunale og private verksemder
- Rekruttera arbeidskraft til regionen
- Arbeida for å betra bustadmarknaden, jf analysen som er gjennomført
- Utvikla statlege og fylkeskommunale verksemder og støtte opp om vidare teknologiutvikling i industrien
- Utvikla Sogn som heilårsreisemål og bidra til den felles reiselivssatsinga i Sogn
- Arbeida for god infrastruktur i og utav regionen og styrka regionen sine samferdselsinteresser (lufthamnstruktur, flyruter, nattstasjonert fly, vegutbetringar, hyppige ferjeavgangar, pendlartilbod mv).

4. Budsjet

Sogn regionråd bidreg med kr 2,8 mill kvart år i eigne midlar som går til utviklingsretta arbeid og prosjektkoordinering/-leiing. I tillegg kjem eigeninnsats i prosjekt og utviklingstiltak. Løyvinga frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er kr 550 000 pr år. Sogn regionråd kan søkja fylkeskommunen om auka årleg tilskot for avtaleperioden.

Fylkeskommunen kan stilla med nøkkelpersonell etter nærare avtale.

Sogn regionråd forpliktar seg til å planleggja, organisera og gjennomføra tiltaka slik det er nedfelt i avtalen.

5. Profilerig

Partane skal synleggjere at aktiviteten som er omfatta av denne avtalen er ei felles satsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd.

6. Deltaking

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek som observatør i møta i Sogn regionråd med fast representant frå administrasjonen. Politisk og administrativ leiing deltek i aktuelle saker.

7. Rapportering og evaluering

Sogn regionråd sender årsrapport for 2014 til fylkeskommunen innan 15. februar 2015. Alle tiltak som vert sett i verk i regi av utviklingsprogrammet skal sluttrapporterast /evaluerast. Sluttrapportar skal leggjast ved årsrapporten.

Sogn regionråd sender møteinnkallingar og møteprotokollar til fylkeskommunen til orientering.

8. Utbetaling

Utbetaling av midlar for 2015 skjer når avtalen er underskriven av begge partar.

9. Tvistar

Usemjje som relaterer seg til administrasjon og koordinering vert å løyse på leiarnivå i samarbeidsorganisasjonane.

Leikanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Svein Arne Hoff
fylkesdirektør

Sogndal
Sogn regionråd
Harald N. Offerdal
leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/3758

Arkiv: 036 &85

Saksnr.: Utval
31/14 Sogn regionråd

Møtedato
05.12.2014

Sak 31/14

Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2015

Tilråding:

Sogn regionråd skal ha desse arbeidsgruppene:

-
-

Representantar i gruppene er:

-
-

Vedlegg:

Retningslinjer for arbeidsgruppene

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har tre arbeidsgrupper: helsegruppe, næringsutvikling-/RUP-gruppe og samferdslegruppe, og samansetjinga er slik:

Representantar i gruppene er:

- Helsegruppe: Jan Geir Solheim (leiar), Olav Lunden og Arild Ingar Lægreid.
- Næringsutvikling-/RUP-gruppe: Arild Ingar Lægreid (leiar), Noralv Distad, Marta Finden Halset, Ivar Kvalen og Petter Sortland.
- Samferdslegruppe: Ivar Kvalen (leiar), Harald Offerdal, Jan Geir Solheim og Jarle Aarvoll.

Rådet bør ta stilling til kva arbeidsgrupper som er aktuelle å oppretta og deltakarar til gruppene.

Det har vore vanleg at rådet vel leiar i gruppene, sjølv om dette etter vedtektene § 1 kan gjerast av gruppa sjølv.

Vedlegg

Retningslinjer for arbeidsgrupper

Vedtekne i Sogn regionråd 28.3.2008

Val og samansetnad

Sogn regionråd vel arbeidsgrupper blant medlemne i rådet. Leiar av arbeidsgruppa kan bli vald av regionrådet eller av arbeidsgruppa.

Mynde

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innanfor sine saksområde. Arbeidsgruppene har ikkje vedtaksmynde. Arbeidsgruppene orienterer regionrådet om status for arbeidet og planane vidare.

Mandat

Arbeidsgruppene skal innanfor sine saksområde

- ta initiativ til tiltak og prosjekt som står opp om og utviklar tenesta i regionen
- førebu saker og gje tilråding til regionrådet
- påverka avgjerdstakarar i retning av avgjerder for å betra tilbodet i regionen
- gje fråsegn

Alle saker skal vera forankra og vedtekne i regionrådet før iverksetjing.

Hastesaker skal avklarast på epost til ordførarane med kopi til rådmennene. Medlemne må få tilstrekkeleg frist til å svara. Dersom ein eller fleire av ordførarane har merknader til saka, har arbeidsgruppa ikkje høve til å iverksetja saka. Arbeidsgruppa har høve til å leggja saka fram i neste regionrådsmøte.

Økonomi

Arbeidsgrupper som har behov for eigne midlar for å utføra oppgåvene, kan få tilført midlar frå regionrådet for ei avgrensa periode og til definerte føremål.

Sekretariat

Dagleg leiar deltek i møta og er sekretær for arbeidsgruppene. Det skal førast referat frå møta. Dersom medlemne i arbeidsgruppa har ulike standpunkt i møtet skal dette gå fram av referatet.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/2856

Arkiv: 150

Saksnr.: Utval
32/14 Sogn regionråd

Møtedato
05.12.2014

Sak 32/14

Budsjett 2015 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2015 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til budsjett for 2015

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok budsjetttramma for 2015 i møtet 12. september 2014. Det er ikkje gjort endringar i framlegg til budsjett i høve til vedteken budsjetttramme.

Totalt budsjett for Sogn regionråd er 5 154 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 954 000, kontingent kr 3 350 000 og fondsmidlar kr 850 000. Kontigenten dekker drift med kr 3 145 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, utviklingsrettleiar, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule) og regionale utviklingstiltak med kr 205 000. I tillegg kjem kr 1 793 000 ekskl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing.

Det er lagt inn deflator på 3% for løns- og kontorutgifter for stillingane og for avtalen om GIS-løysing.

Sogn regionråd disponerer kr 1 100 000 til regionale utviklingsprosjekt som er midlar frå fylkeskommunen, kontigentmidlar frå kommunane og fondsmidlar. Av desse regionale utviklingsmidlane er det sett av kr 240 000 til Visit Sognefjord, kr 150 000 til karrieremesser, kr 30 000 til entreprenørskapsmesser og elles er det avsett kr 680 000 til frie midlar /seinare fordeling.

Vedlegget viser fordelinga av utgifter og inntekter og kommunane sin kontingent.

Framlegg til budsjett for 2015 følgjer vedlagt.

Sogn regionråd – framlegg til budsjett 2015

		Budsjett 2014	Budsjettramme 2015
Generell - utan divspes			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	716 000	737 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	5 000	5 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
12900	Husleige, PC, arkiv mv (Internkjøp)	244 000	251 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 009 000	-1 037 000
		0	0
7502 Drift råd			
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		0	0
7503 Rådmann			
11151	Servering	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-20 000
		0	0
7510 Kommunenett *			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 384 000	1 384 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 384 000	-1 384 000
		0	0
7511 IKT			
11151	Servering	3 000	2 000
11953	Kontigentar og medlemsskap	8 000	9 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-11 000	-11 000
		0	0
7512 GIS-koordinator			
10100	Lønsutgifter		
11300	Telefonutgifter	7 000	7 000
11151	Servering	5 000	5 000
11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000
12900	Intern kjøp	5 000	5 000
14500	Overføring til Vik kommune	740 000	762 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-720 000	-740 000
17750	Refusjon frå IKS	-67 000	-69 000
		0	0
7513 GIS-løysing *			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	471 000	485 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-397 000	-409 000
17750	Refusjon frå IKS	-74 000	-76 000
		0	0
7550 RUP			

12700	Konsulenthonorar, ikkje oppg. pliktig	50 000	
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	155 000	680 000
17500	Refusjon frå andre kommunar		-190 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-90 000	-340 000
19500	Bruk av bundne fond	-115 000	-150 000
		0	0
7551 Reiseliv			
12700	Konsulenthonorar	120 000	
14700	Overføring til andre (private)	240 000	240 000
15500	Avsetjing til bundne fond		
17500	Refusjon frå andre kommunar	-180 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-180 000	-120 000
19500	Bruk av bundne fond		-120 000
			0
7555 Rekruttering			
14700	Overføring til andre (private)	160 000	150 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-75 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-70 000	-75 000
		0	0
7556 Næringsutvikling			
12700	Konsulenthonorar	260 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-145 000	
19500	Bruk av bundne fond	-115 000	
		0	
7557 Ungdom			
11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
		0	0
7558 Bhg-skulesamarbeid adm			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	789 000	813 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
12700	Konsulenthonorar	370 000	
12900	Intern kjøp (husleige)	91 000	94 000
14500	Overføring til andre kommunar	60 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-825 000	-957 000
17700	Refusjon frå andre (private)	-105 000	
19500	Bruk av bundne fond	-430 000	
		0	0
7559 Bhg-skule kompetanse			
14500	Overføring til kommunane	160 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-160 000	
		0	
7560 Entreprenørskap			
11500	Kurs og konferansar	120 000	120 000
11703	Anna persontransport	75 000	80 000
12700	Konsulenthonorar, ikkje oppg.pl.	0	50 000
17500	Refusjon frå kommunar		-15 000

18500	Overføring frå kommunar	-15 000	-15 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-15 000	-15 000
18900	Overføring frå andre (private)	-75 000	-75 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-130 000
		0	0
7561 Skule Fagnettverk			
14500	Overføring til andre kommunar	218 000	188 000
14700	Overføring til andre (private)	40 000	
17500	Refusjon frå kommunar	-208 000	-98 000
18106	Statstilskot	-40 000	
19500	Bruk av bundne fond	-10 000	-90 000
		0	0
7568 Utviklingsretteleiar			
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	3 000
11500	Kurs og konferansar	12 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	38 000	45 000
14500	Overføring til Luster kommune	110 000	129 000
17500	Refusjon frå kommunar	-162 000	-192 000
		0	0
7563 Barnehage			
11500	Kurs og konferansar	235 000	235 000
14700	Overføring til andre	10 000	10 000
18106	Statstilskot	-245 000	-245 000
		0	0
7569 Prosjekt PP-teneste			
10100	Løn prosjektleiar inkl. sosiale utgifter		85 000
12700	Konsulenttenester		180 000
19500	Bruk av bundne fond		-265 000
		0	0

Kontingent for kommunane 2015

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Kontingent 2015	Kontingent 2014
Aurland	1 715	186111	88274	274 385	274 155
Balestrand	1 306	186111	67222	253 333	253 068
Høyanger	4 183	186111	215307	401 418	327 026*
Leikanger	2 268	186111	116738	302 849	302 665
Luster	5 089	186111	261941	448 052	448 107
Lærdal	2 174	186111	111900	298 011	297 819
Vik	2 688	186111	138357	324 468	324 319
Sogndal	7 623	186111	392371	578 482	578 751
Årdal	5 496	186111	282890	469 001	469 090
Totalt	32 542	1675000	1675000	3 350 000	3 275 000

*Medlem frå 1.3.2014

Kostnadsfordeling kommunenett for 2015

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 715	86 500	41 848	128 348	32 087	160 436
Balestrand	1 306	86 500	31 868	118 368	29 592	147 960
Leikanger	2 268	86 500	55 342	141 842	35 461	177 303
Luster	5 089	86 500	124 179	210 679	52 670	263 349
Lærdal	2 174	86 500	53 049	139 549	34 887	174 436
Vik	2 688	86 500	65 591	152 091	38 023	190 114
Sogndal	7 623	86 500	186 012	272 512	68 128	340 640
Årdal	5 496	86 500	134 110	220 610	55 153	275 763
Totalt	28 359	692 000	692 000	1 384 000	346 000	1 730 000

Kostnadsfordeling GIS-løsning for 2015

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 715	25 563	12 367	37 930	9 482	47 412
Balestrand	1 306	25 563	9 418	34 980	8 745	43 725
Leikanger	2 268	25 563	16 355	41 917	10 479	52 397
Luster	5 089	25 563	36 697	62 260	15 565	77 825
Lærdal	2 174	25 563	15 677	41 239	10 310	51 549
Vik	2 688	25 563	19 383	44 946	11 236	56 182
Sogndal	7 623	25 563	54 970	80 533	20 133	100 666
Årdal	5 496	25 563	39 632	65 195	16 299	81 493
Totalt	28 359	204 500	204 500	409 000	102 250	511 250

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/3360

Arkiv: 033 &85

Saksnr.: Utval
26/14 Sogn regionråd

Møtedato
05.12.2014

Sak 26/14

Møteplan for 2015

Tilråding:

Møteplan for 2015:

Regionrådsmøte:

23. februar

6. mai

19. juni

18. september

30. oktober

4. desember

Ordførarsamling:

19. mars

Temadag:

20. mars

Felles formannskapsdag:

23. oktober

Møte for interkommunale selskap:

24. april

16. oktober

Saksutgreiing:

Forslag til møtedagar og møtestader er:

måndag 23. februar, Luster

onsdag 6. mai, Sogndal

fredag 19. juni, Høyanger

fredag 18. september, Vik

fredag 30. oktober, Aurland

fredag 4. desember, Lærdal

Regionrådsmøta er lagt til fredagar utanom onsdag 6. mai fordi møtet vert same dag som entreprenørskapsmessa.

Det kan vera aktuelt med ein temadag for ordførarar, rådmenn, næringsansvarlege mv og fredag 20. mars er aktuell dato. Ordførarsamlinga kan leggjast til dagen før dvs 19. mars.

Aktuell dato for felles formannskapsmøte er fredag 23. oktober (jf eige sak om kommunereforma og framdriftsplan).

Dei to møtedagane for interkommunale selskap er også lagt til fredagar: 24. april og 16. oktober.

Samordning av formannskaps- og kommunestyremøta til torsdagar har vore diskutert i regionrådet. Dette ville gjort det enklare å finna ledige møtedagar både for kommunane/regionrådet og for eksterne aktørar.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/746

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
27/14 Sogn regionråd

Møtedato
05.12.2014

Sak 27/14

Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Helsegruppa, næringsutvikling-/RUP-gruppa og samferdslegruppa
3. Programstyret for «System for styrka læring»
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Karrieremesser og profileringskanalen framtidfylket.no
Dagleg leiar Gro Rukan, Framtidfylket
7. Visit Sognefjord - status og planar
 - arbeidsdelinga mellom Visit Sognefjord og næringa/kommunane
 - gjensidige forventningar mellom Visit Sognefjord og kommunane
 - organiseringa av turistinformasjonane
 - marknadsbidraga frå kommunane
 - vinterturismeReiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS
8. Sogndal Lufthamn Haukåsen - utviklingsplanar og profilering av kommunane
Lufthamnsjef Svein Sanden, Avinor

Skriv og meldingar

1. Rovviltforvaltninga i region 1 og 3 - fråsegn til Klima- og miljødepartementet, 17.9.2014 og svar frå departementet 7.10.2014
2. Regionale ruteflygingar frå 1.4.2016 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 22.9.2014
3. Nytt inntektssystem for fylkeskommunen – brev til HAFS, Nordfjordreådet og Samarbeidsforum i Sunnfjord, 29.9.2014 og brev til Stortinget om utvida kompensasjonsordning for fylkeskommunane, 17.11.2014
4. Ny akuttmedisinforskrift – fråsegn til Helse- og omsorgsdepartementet, 30.9.2014
5. Partnerskapsavtale for styrka psykiske helse i barnehagar og skular, 3.10.2014.
6. Struktur i høgare utdanning – fråsegn, 11.11.2014
7. Møte i samferdslegruppa 17.11.2014 - referat



Klima- og miljødepartementet

Rovviltforvaltning i region 1 og 3 - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har følgjande fråsegn om rovviltforvaltninga i region 1 og 3:

Sogn regionråd ser med uro på dei omfattande skadane jerv har påført saueneringa i regionen siste 20 åra, ikkje minst inneverande beitesesong i Indre Sogn.

I følgje rovviltforliket og forvaltningsplanen for rovvilt i Region 1, som omfattar fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder, skal regionen i sin heilskap vera beiteprioritert. Det skal mellom anna ikkje tillatast ynglande jerv i regionen, kun streifdyr.

Tapstala i regionen alle desse åra er eit prov på at den utøvande rovviltforvaltninga har slege feil. Sogn regionråd meiner det er to hovudårsaker til det:

1. Samla tal ynglande tisper i landet er sleppt altfor høgt og ligg no langt over bestandsmålet
2. Soneforvaltninga har ikkje fungert

Me registrerer at regjeringa har teke til orde for at det må bli ei tydelegare soneforvaltning av rovdyr, noko regionrådet fullt ut støttar. Rovviltproblema i Region 1 har vorte tydeleg forsterka etter at Region 3 i sin forvaltningsplan flytte grensa for si ynglesone heilt til grensa mot Region 1. Det seier seg sjølv at det er umogeleg å handheva ulik forvaltning på kvar si side av grensa i eit høgfjellsområde. Samanstilling av DNA-registreringar dokumenterer at det er lita utveksling av individ over Ottadalføret, medan jervane i grenseområdet opererer like mykje på begge sider av grensa. Den einaste farbare vegen vil vera å flytta grensa mellom beiteprioritert- og rovdyrprioritert område tilbake til Ottadalføret.

Sogn regionråd krev at regjeringa no tek grep i rovviltforvaltninga:

1. Ved å påleggja SNO intensivert uttak av jerv på etterjulsvinteren for å bringa bestanden i landet totalt ned på vedteke bestandsmål
2. Syter for å flytta ynglesonegrensa for jerv i Region 3 tilbake til Ottadalføret.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Ivar Kvalen
ordførar Luster kommune



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Anbod på regionale ruteflyginger i Sør-Norge frå 1. april 2016 - innspel

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande innspel til utforming av anbodet:

Arbeidet med å utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen har vore eit prioritert område for Sogn regionråd. Kommunane har saman med fylkeskommunen og Avinor bidrege med over 60 millionar for å oppgradera lufthamna. Dette var eit unikt samarbeid og viser kor viktig lufthamna er for regionen. Sogndal lufthamn er ei moderne og trygg lufthamn og står godt rusta til å møte nye utfordringar.

Sogndal lufthamn har eit omland med nærare 30 000 innbyggjarar. Området som soknar til lufthamna har fått fleire nye arbeidsplassar siste åra. Indre Sogn er vertskap for ei rekkje verksemdar med nasjonale og internasjonale interesser. Blant dei store offentlege arbeidsplassane har vi Direktoratet for forvaltning og IKT, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen, fylkeskommunen, NAV, Statens vegvesen hovudkontor Region vest, Statkraft og Vestlandforskning. Blant store private verksemdar har vi Hydro, Norsun, Lerum, Avery Dennison NTP, Vik Ørsta og Veidekke. Verksemdene stiller store krav til regularitet og rutetilbodet er viktig for regionen sin utvikling.

Sogndal lufthamn har hatt ei positiv utvikling over fleire år. Passasjerveksten (utan transfer) var 15,7 % i 2012 og 6,6% i 2013. I perioden 2009-2013 har talet på passasjerar (ut/inn Sogndal) auka med 14 500. Det har vore ei kraftig auke i talet på passasjerar som reiser med morgonflyet om Bergen for å kome til Oslo. Vi erfarer at betra tilbod gir passasjervekst. For fleire av avgangane er det setekapasiteten som avgrensar vidare trafikkvekst. Morgonavgangane til Oslo vert ofte tidleg fulltinga. Dette gjer at mange reisande vert avviste, eller må velja mindre gunstige reisetidspunkt. For næringsliv og offentleg verksemd er det svært viktig å betra kapasiteten. Auka kapasitet må koma morgon/kveld når det er mangel på plassar.

Sogn regionråd meiner passasjerauken og behovet for betra regularitet tilseier eit nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn, og nattstasjonert fly bør gå fram av anbodsgrunnlaget. Det er også behov for ein flyavgang frå Bergen på ettermiddagen ca kl 17. Dette vil redusera ventetida for reisande frå Stavanger/Bergen.

Forholda ligg til rette for forlenga rullebane til 1199 meter. Ei forlenging vil gjera det mogleg for andre flytypar å trafikera lufthamna og fleire vil konkurrera om anbodet.

I TØI-rapporten går det fram at behovet for subsidiar har gått ned siste åra og ligg no på om lag kr 300 pr passasjer for Sogndal. Avinor viser til at 50-sete fly på Sogndal har ein positiv samfunnsøkonomiske nytte på nesten kr 400 mill. FOT-tilskotet kan reduserast med omlag kr 27 mill. per år, hovudsakleg fordi det er forutsatt lågare rutedriftkostnader som følge av skjerpa konkurranse (Avinor, 2012). Forlenga rullebane kostar kr 103 mill. (Norconsult, 2011).

Sogn regionråd meiner følgjande må leggjast til grunn ved utforming av anbudsgrunnlaget:

1. Behovet for tal sete og lufthamna si beliggenheit tilseier eit nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn Haukåsen
2. Rutetider til og frå Oslo er tilfredsstillande. Det er ikkje behov for endringar av rutetilbodet for morgonflyet (kl 0730) og tidleg kveldsfly (kl 1820)
3. Det bør vera minst fire direkteflygingar til/frå Oslo måndag-fredag
4. Rutetilbodet til og frå Bergen for morgon- og kveldsflyet er tilfredsstillande. Vi ønskjer i tillegg ein flyavgang frå Bergen på ettermiddagen ca kl 17.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Ivar Kvalen
leiar i samferdslegruppa

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



HAFS
Nordfjorderådet
Samarbeidsforum i Sunnfjord

Nytt inntektssystem for fylkeskommunen

Sogn regionråd drøfta i sist møtet 12. september det nye inntektssystemet for fylkeskommunen. Regionrådet vil støtta fylkeskommunen sitt arbeid for å få på plass ei utvida kompensasjonsordning.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil etter ein overgangsperiode på fem år få kr 255,7 mill. kr årleg mindre enn i dag – inkludert tap som følgje av nedgang i elevtalet på 28 mill. kr. Dette vil få store konsekvensar for tenestetilbodet til fylkeskommunen. Kompensasjonsordninga regjeringa alt har lagt inn i det nye systemet bør utvidast slik at det også i framtida er likeverdige tilbod i heile landet.

I tida framover vil Sogn regionråd støtta fylkeskommunen sitt arbeid for å få gjennomslag for ei betre fordeling, og som sikrar ei god utvikling i vårt fylke. Om alle regionråda i fylket gjer ei felles sak for at fylkeskommunen skal kome betre ut, vil det vera ein styrke i høve sentrale styresmakter. Vi inviterer dei andre regionråda i å støtta fylkeskommunen sitt arbeid med ei utvida kompensasjonsordning, og ønskjer tilbakemelding om det er tilslutting til eit samarbeid mellom regionråda i fylket.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Kommunal- og forvaltningskomiteen,
Stortinget

17. november 2014

Finanskomiteen,
Stortinget

Utvida kompensasjonsordning for fylkeskommunane i samband med nytt inntektssystem

HAFS regionråd, Nordfjorrådet og Sogn regionråd er svært uroa for den situasjonen Sogn og Fjordane fylkeskommune er komen i med omsyn til nytt inntektssystem for fylkeskommunane. I samsvar med statsbudsjettet 2015 vert det lagt opp til ein reduksjon på i underkant av kr 250 millionar på 5-årssikt. Dette er samstundes nærare 20 millionar meir enn dei signala som vart lagt fram i kommuneproposisjonen.

Dette vil naturleg nok få store konsekvensar for tenestetilbodet til fylkeskommunen, og innbyggjarane vil få eit langt dårlegare tilbod på dei fleste område.

Dei tre regionråda meiner den kompensasjonsordninga som regjeringa alt har lagt inn i det nye systemet bør utvidast slik at det også i framtida sikrar likeverdige tilbod i heile landet.

Med helsing
HAFS regionråd
v/leiar Jan Olav Gjerde

Nordfjorrådet
v/ leiar Sven Flo

Sogn regionråd
v/ leiar Harald N. Offerdal

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Samarbeidsforum i Sunnfjord



Helse- og omsorgsdepartementet

Ny akuttmedisinfor skrift - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd viser til utsett høyringsfrist til 30. september og har følgjande fråsegn til framlegget til ny akuttmedisinfor skrift:

1. Krav om vaktkompetanse

Det er særskilt i høve til dei nye kompetansekrava som vert stilt for lege i vakt at Sogn regionråd meiner at dei tilrådde endringane i liten grad samsvarer med lokale behov og utfordringar.

Det er riktig å stille krav til vaktkompetanse til legar i vakt. Har dei ikkje det er forslaget at dei må ha bakvakt. Det vil seie at legar må ha arbeid 1 år etter gjennomført turnusteneste før dei kan arbeida utan bakvakt. Dei fleste klagar på legar kjem frå legevakt og det synest underleg at legar som arbeider i inntil 2 månader er fritekne for kravet.

Turnuslegar har i dag ein erfaren lege i telefonisk kontakt på alle vaktar. Før turnuslegen får starta med vakt skal han/ho ha gjennomgått eit 2 dagers avansert akuttmedisinsk kurs (erfarne allmennlegar må ha same kurset minst kvart 5. år). På vakt vil turnuslegen anten ta kontakt med sin rettleiar eller med sjukehuslege. Turnuslegane får god trening i trygt læringsmiljø. Klagar på turnuslegar i vakt er svært sjeldan.

Fleire kommunar samarbeider om legevakttenestene i dag. Dei nye krava vil tvinge kommunane til å samarbeida i større vakt-distrikt. For store delar av distrikts-Noreg vil dei nye krava kunne føra til dårlegare akuttmedisinske tenester med auka reiseavstandar, auka responstid og dårlegare tilgjengeleg teneste.

Dersom det blir krav om fysisk bakvakt vil dette medføre auka belastning på dei vaktberande legane, og vil gå utover rekruttering og stabilisering av legar i distrikt. Kostnadane vil bli monaleg høgre for kommunane. Resultatet kan bli sentralisering av legevakta. Dette vil dei fleste innbyggjarane oppleve som negativt. Lege i bakvakt må også ha krav om reisetid til legevakta - det kan medføre at det berre er legar som bur nær legevakta som kan ta bakvakt.

Vårt forslag er at alle legar som ikkje har formell vaktkompetanse skal ha ein erfaren allmennlege i telefonvakt som dei kan konsultera ved behov. Dette må gjelda turnuslegar og legevikarar - også korttidsvikarar. Kommunar i vår region har gode erfaringar med ordninga som har vore praktisert i mange år.

2. Responstid

Forslaget let vera å stille krav til responstid til ambulansar og samstundes blir det stilt krav til kommunane om at helsepersonell skal rykka ut i akuttsituasjonar. Det opplevast som inkonsekvent å ikkje stilla krav til ein av dei viktigaste delane i den prehospitale kjeda, og at ein igjen skyv ansvar over på kommunane. First responder ordning vil i mange kommunar kunne gje auka tryggleik, men ordninga er ikkje formalisert. Det er ikkje høveleg utdanning og ordninga vil stille krav om økonomisk honorering som kommunane i dag ikkje har pengar til.

3. Akuttmedisinsk kompetanse / kompetanse i vald i nære relasjonar

Alle spesialistar i allmennmedisin må ha eit godkjend kurs i akuttmedisin minst kvart 5. år. Det er naturleg at alle vaktberande legar har slik dokumentert kompetanse før dei går inn i vakt. Det må etablerast eigne kurs i nære relasjonar; dette bør egne seg godt til eit nettkurs.

3. Kvalitet på legevakt

Små og mellomstore kommunar kor vaktlegen bur heime må ikkje utan vidare samanliknast med store legevakter med stasjonær bemanning. At det har vore kvalitetsproblem nokre stadar er kjend, men departementet føreskriv feil medisin for å retta på dette.

Krav til vaktkompetanse; dvs akuttmedisinske kurs og kurs i vald i nære relasjonar samt å ha ein røynd allmennlege tilgjengeleg på alle vaktar vil kunne gje den nødvendige tryggleik og kvalitet på legevakta. Ein slepp då å etablera eit rigid bakvaktsystem som vil knekka mange legevakter og vil gje unødvendig lang reiseveg for pasientane i distrikts-Noreg. Det må alle stadar som nyttar legevikarar på vakt etablerast rutinar for trygg rekruttering.

Vi forstår at departementet gjennom framlegget ønskjer å styrka kvaliteten i det kommunale legevakttilbodet. Sogn regionråd meiner at departementet i sitt framlegg gir kommunane mindre rom til sjølv å vurdera organisering av legevakt, og gjera avvegingar i høve til kvalitet, økonomi og nærleik til tenester. Sogn regionråd er uroa for at distrikta får dårlegare legedekning, større avstand til dei akuttmedisinske tenester og dyrare legevaktteneste.

Det vert elles vist til fråsegnene frå kommunane.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Jan Geir Solheim
leiar i helsegruppa i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn

1. Bakgrunn for samarbeidet

Dei ni kommunane i Sogn regionråd har psykisk helse i skulen som eitt av sine overordna strategiområda i utviklingsprogrammet «System for styrka læring» 2013 - 2021. Gjennom tiltaksplan i dette programmet har barnehage- og skuleeigar og alle grunnskulane og barnehagane i regionråds kommunane forplikta seg på arbeide med betra psykisk helse fram mot 2021.

Ei så kompleks utfordring som barn og unge si psykiske helse krev samordna og koordinerte tiltak på fleire område. Forsking syner at 15 – 20% av alle ungdomar har psykiske vanskar som går ut over deira funksjonsevne. Dette kan ikkje handterast av den einskilde barnehage eller skule åleine. Det er bruk for kompetanse frå fleire ulike aktørar. Regionrådet vil difor styrkja sitt samarbeid med andre eksterne forskings- og kompetansmiljø, og ynskjer å etablera ein langsiktig samarbeidsavtale for regionen sitt arbeid med psykisk helsefremming i skular og barnehagar.

2. Avtalepartar

Avtalen er tufta på eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, HEMIL-senteret, RKBU Vest, Utdanningsforbundet og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

3. Sju tiltaks- og samarbeidsområde

Denne partnerskapsavtalen gjeld sju satsingsområder i arbeidet med psykisk helsefremming i skular og barnehagar. Kvar av partane skal bidra på dei punkta dei finn relevant i høve til roller, kompetanse og ressursar. Samarbeidet omfattar følgjande punkt:

- A. Hovudmålet er å styrke det psykososiale lærings- og utviklingsmiljøet i barnehagar og skular, noko som kan koma alle barn og unge til gode.
- B. Vidare arbeid med planverktøy for kommunane, regionrådet og programstyret, og utvikla ein felles modell for arbeidet med psykiske helse i barnehagar og skular i regionen.
- C. Utvikle det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehage og skule, og barnevern, PPT og helsestasjonane.
- D. Kompetansehevande tiltak for heile personalgruppene på arbeidsplassnivå.
- E. Utvikla eit studietilbod om psykisk helsefremjande arbeid, slik at personalet får høve til å ta formell og poenggjevande utdanning i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- F. Kultur- og haldningsnivå: Gjennom kunnskapsformidling og haldingsarbeid auka medvitte hjå personale i skular og barnehagar om kva ansvar og moglegheit desse institusjonane har i å styrkja barn og unge si psykiske helse.

- G. Forsking: Vi ynskjer å gjennomføre eit omfattande forskingsarbeid i samband med implementeringa av tiltaka. Fyrste steg er å reise midlar til gjennomføring av eit PhD-arbeid i partnerskapen. På eit seinare tidspunkt vil det vere ønskjeleg med følgjeforsking på kva effekt ein felles regional tiltak som dette kan få for barnehagane og skulane i regionråds kommunane.

4. Forplikting/ organisering av arbeidet

Samarbeidet skal byggje på god planlegging og ryddige avtalar frå alle partane i prosjektet. Sogn regionråd held kontakten med kvar av partane, og etablerer ei føremålstenlig samarbeidsstruktur. Sogn regionråd har det overordna ansvaret for å utvikling og gjennomføring av tiltaka i partnerskapsavtalen. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ei jamleg dialog for å vidareutvikle samarbeidet. Partane forpliktar seg til å:


- A. Sikre politisk og administrativ forankring i eigen organisasjon.
- B. Informere aktivt i alle relevante ledd i eigen organisasjon.
- C. Bringe relevante satsingar inn i prosjektet.
- D. Bidra til å stille til rådvelde naudsynte ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar.

Kvar av partane definerer omfanget av sitt bidrag/si rolle etter kvart som prosjektplanen vert meir konkret utforma.

5. Avtaleperiode, oppseiing og evaluering

Avtalen gjeld frå 1. oktober 2014, og føl utviklingsprogrammet "System for styrka læring" fram til avslutning i 2021. Kvar av partane kan seie opp avtalen med seks månaders varsel. Partane skal kvart år ha eit fellesmøte, der vi evaluerer formål, tiltak, resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen.

Sogndal, 03.10.2014



Ivar Kvalen
Ordfører i Luster kommune
Leiar av programstyret «System for styrka læring»



Reidar Jacobsen
Leiar
RKBU Vest, Uni Research Helse



Anne Siri Bentsen
HTV
Utdanningsforbundet



Åse Løkeland
Rektor
Høgskulen i Sogn og Fjordane



Bente Wold
Professor
HEMIL-senteret



Kunnskapsdepartementet

Struktur i høgare utdanning - fråsegn frå Sogn regionråd

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi ønskjer å gje følgjande fråsegn til arbeidet med struktur i høgare utdanning:

Våren 2015 kjem sluttrapport frå forskingsprosjektet "Learning regions". Forskingsspørsmålet er kvifor Sogn og Fjordane er det beste skulefylket i landet. Norges Forskingsråd har investert kr 9 mill. for å finne svar på dette. Vi veit at det er ein direkte samanheng mellom dei framifrå skulefaglege resultatane i fylket og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). Vi vil derfor i denne fråsegna eksemplifisere viktigheita av ein lokal, sjølvstendig og utviklingsorientert høgskule som er tett på skule- og samfunnsutviklinga i Sogn.

Det er av både nasjonal og internasjonal interesse å finne ut kvifor skulane i Sogn og Fjordane scorar så godt. Resultata er ikkje komne av seg sjølv, men gjennom strukturert og langsiktig samarbeid. HiSF spelar ein heilt avgjerande rolle i dei prosessane som fører til dei gode resultatane.

På fylkesnivå etablerte aktørane i Sogn og Fjordane "Forum for barnehage- og skuleutvikling". Dette er etter vår oppfatning det mest avgjerande og geniale grepet som kan forklare utviklinga dei siste 20 åra. Her deltek Fylkesmannen, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, Skuleleiarforbundet, KS, kommunane og HiSF. Dette er ein tenketank og eit samarbeidsforum som syter for utvikling av heile oppvekstsektoren i fylket, frå barnehage til og med høgskuleutdanninga. Vi har dermed bygd ei utviklingskjede parallelt med den tradisjonelle styringskjeda.

HiSF er ein sentral føresetnad for regional utvikling. Denne utviklingsrolla vil fungere best når høgskulen er ein sjølvstendig aktør som i tett dialog med aktørane i kommunane, regionen og fylket kan finne fram til og gjennomføre dei konstruktive grepa. Ein av føresetnadene med å vere små kommunar er at vi kan vere raske i vendinga. Det tek kort tid frå gode idear til gjennomført handling. Lokal avgjersle er derfor ein grunnleggjande føresetnad for å fylle dette lokale handlingsrommet.

I utmeisling av idear og gjennomføring av nybrottsarbeid er HiSF ein uvurderleg alliert for kommunane i Sogn. HiSF har bidrege aktivt i formelt skule- og barnehageutvikling saman med kommunane i Sogn regionråd. I perioden 2006 – 2012 hadde vi prosjektet "Sats på skulen

– snu Sogn”, og frå 2013 – 2021 har vi programmet ”System for styrka læring”. Nokre døme frå dei seinaste åra underbyggjer dette:

1. HiSF leverte leiarutdanning til kommunane i Sogn regionråd då vi gjennomførte denne frå 2007. HiSF vann anbodet, og vart sidan ein stor nasjonal aktør på rektorskulen. Leiarutdanning/ ”rektorskule” var eitt av hovudelementa i prosjektet ”Sats på skulen – snu Sogn”.
2. I 2010 starta vi delprosjektet ”Sats på barnehagen – snu Sogn”, og inngjekk ein partnerskapsavtale med Utdanningsforbundet, NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane og HiSF. 61 styrarar og pedagogiske leiarar tok leiarutdanning á 30 studiepoeng. Saman med HiSF har vi bygd opp sju interkommunale fagnettverk i tråd med rammeplanen for barnehagane.
3. Barnehagesatsinga førte mellom anna til at HiSF fekk kr 1,5 mill. frå UDIR til prosjektet ”Barnehagen som ein lærande organisasjon”, som blir gjennomført saman med regionrådet.
4. Frå haust 2013 til vår 2015 gjennomfører HiSF og Sogn regionråd pilotstudiet ”Pedagogisk entreprenørskap”. Studiet er på 30 studiepoeng. Kommunane stiller med erfarne lærarar, og målet er å tilby studiet til alle skulane i heile fylket frå haust 2015. Entreprenørskap er ein hjørnestein i den regionale skuleutviklinga i Sogn.
5. Styrka psykisk helse i barnehage og skule er eitt av dei viktigaste nasjonale satsingsområda. Både for utdanningsinstitusjonar og i opplæringssektoren generelt kan konkret arbeid med psykisk helse vere vanskeleg å få grep på. Den 3.10.2014 signerte HiSF, Utdanningsforbundet, Sogn regionråd, Regionalt kunnskapssenter for barn og unge/ Uni Helse og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen ein partnerskapsavtale om konkretisering og satsing på psykisk helse i tida fram til 2021.

Vi ser altså at det lokale og sjølvstendige avgjerslemynde til HiSF er ein føresetnad for å kunne tenkje ut og realisere slike tiltak som er skissert. Høgskulen har også eit breitt utdanningstilbod som er utvikla i nært samarbeid med nærings- og arbeidsliv og i samsvar med behova i regionen. HiSF tilfører regionen relevant kompetanse gjennom utdanning og forskning, som både offentleg og privat sektor etterspør. Grunnutdanning og etterutdanning for dei ulike profesjonane på HiSF er ein føresetnad for effektiv forvaltning og kvalitativt gode tenester i lokalsamfunna våre.

Kommunane i Sogn og resten av fylket treng ein lokal, sjølvstendig og proaktiv høgskule som arbeider tett saman med aktørane i fylket. Dei framifrå resultata fylket kan vise til viser at dette er ein fruktbar struktur for gode prosessar også i framtida.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Referat

Møte i samferdslegruppera

Møtenummer: 2/2014
Møtedato/-stad: 17. november 2014, Sogndal kommunehus
Deltakarar: Ivar Kvalen, Harald Offerdal, Jarle Aarvoll og
Karina Nerland (referent). Forfall: Jan Geir Solheim

1. Lufthamnstruktur

Strategi for vidare arbeid vart diskutert. Samferdslegruppera ønskjer at det vert arbeidd med eit fagleg underlag som får fram fakta og vurderingar for kva flyplassen betyr for regionen. Rådet får ei sak til neste møte om dette. Representantar frå private og offentlege verksemdar deltek i eige møte same dag og vil gje innspel om kva flyplassen betyr for regionen. Det vil bli sendt innspel til Avinor innan fristen 1.12.2014.

2. Aust-vestsamband

Statens vegvesen er i avsluttande fase i arbeidet med ein overordna NTP-utgreiing om aust-vestsamband. Det vil bli argumentert for Sognefjellstunnelen i innspelskonferansen 1.12.2014. Samferdslegruppera vurderer vidare strategi etter konferansen.

3. Tiltaksplanen for 2015

Samferdslegruppera diskuterte aktuelle tiltak i tiltaksplanen. Planen blir handsama i neste rådsmøte.

4. Ymse

Statens vegvesen Region Vest blir invitert til å orientera om aktuelle samferdsleprosjekt i regionen og status for vegprosjekta for E39 og konsekvensar for Sogn.

Ferjesamband Hella-Vangnes-Dragsvik: I brev til Samferdslesdepartementet ber regionrådet om å bli informert om status i anbodsarbeidet.